



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato 09.03.2023
Møtetid: Kl. 16:00 - 19:00
Møtestad: Fjernmøte på Teams

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Boge	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Øyvind Røen	Sp
Monica Tjønnå	Uavh

Ugild:	Sak:	I staden møtte:	Merknad:
Karl Bård Kollbotn, Frp	027/2023	,	
Linda Haug Kollbotn, Frp	027/2023	,	
Odd Arne Haga, Frp	027/2023	,	
Ove Totland, Bl	027/2023	,	

Møtenotatar:**Andre som var til stades på møtet:**

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsjef økonomi og organisasjon
- Bodil H. Øpstebø, kommunalsjef oppvekst
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Marianne Soleng, avdelingsleiar servicesenteret
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
019/2023	23/203	Godkjenning av innkalling og sakliste	
020/2023	23/203	Faste saker	
021/2023	20/140	Vurdering av gratis skulemat ved Samnanger ungdomsskule	
022/2023	19/28	Endring VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen	
023/2023	22/95	Evaluering av transportordninga "Svinta"-skyss	
024/2023	23/42	Auka økonomisk støtte til lag og organisasjonar	
025/2023	21/278	Frisklivsentralen og trening for eldre	
026/2023	22/326	Straumstøtte til bedrifter og næringsliv i Samnanger 2023	
027/2023	22/764	Sal av tomt – gnr./bnr. 18/230, Erikajorda	
1	20/25	Interpellasjon om senter for e-sport	
028/2023	21/708	Fleirbrukshall – vurdering av løysingar	

SAKNR. 019/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 019/2023 Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjent.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Innkallinga og saklista vert godkjent.

SAKNR. 020/2023: Faste saker

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Tidsforbruk på faste saker i kommunestyremøta

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han legg opp til at det i kommunestyremøta framover skal brukast maksimalt to timar til faste saker, inkludert spørsmål og interpellasjonar.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Gunn Totland Moss (KrF) hadde merknad til innhaldet i pressemeldinga som kommunestyret 23.02.2023 vedtok i sak 018/2023. Merknaden gjekk på at ho meiner det ikkje var nødvendig for kommunen å koma med dei opplysningane som vart gjevne i pressemeldinga, og at ho trur at dette kan føra til unødvendige provokasjonar.

Det var ingen andre merknader til protokollen frå førre møte.

Dagmøte i kommunestyret resten av 2023

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om at han ønskjer at alle kommunestyremøta i resten av 2023 skal haldast på dagtid, med møtestart kl. 08.30. Etter ein debatt om dette i møtet, vart det gjennomført røysting om spørsmålet. Det vart med 18 mot 3 røyster vedteke at resten av kommunestyremøta i 2023 skal haldast som dagmøte med møtestart klokka 08.30.

For dagmøte	Imot dagmøte
Knut Harald Frøland (Bl)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Øyvind Røen (Sp)	

Gunn Totland Moss (KrF)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	
Monica Tjønnhaugen (Uavh)	

Rådmannen orienterer:

- **Eldre i aktivitet.** Rådmann Ove Sæbø orienterte om at så mange som 18 personar i aldersgruppa 65–80 år møtte på kommunen sitt trimtilbod på føremiddagen 08.03.2023. Dette er svært gledeleg, men det var berre kvinner som møtte. Det bør arbeidast for også å få menn med.
- **Arbeidsmiljøundersøking for tilsette i kommunen.** Rådmann Ove Sæbø orienterte om undersøkinga, som vart gjennomført i november 2022. Det blir no arbeid med oppfølging etter undersøkinga.

Spørsmål:

Plan for førebyggjande vedlikehald

Odd Arne Haga (Frp) viste til spørsmål som Frp har stilt om plan førebyggjande vedlikehald, og sakna svar på dette. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) svarta, og orienterte om at det vil koma opp sak i kommunestyret sitt møte i juni 2023.

Reguleringsplan for Lauskarmyra

Odd Arne Haga (Frp) spurde om status for arbeidet med reguleringsplan for Lauskarmyra. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge orienterte på bakgrunn av dette om status for arbeidet med områdereguleringsplanen for Bjørkheimsområdet, der Lauskar inngår.

Status rivingssak på Ytre-Tysse

Linda Haug Kollbotn (Frp) viste til at kommunen har kravd riving av eit hus på Ytre-Tysse, og spurde om kva som er status for effektivering av rivinga. Kommunalsjef Hilde-Lill Våge orienterte om at administrasjonen må få koma tilbake med svar i neste møte.

Utleige av rom på Samnangerheimen

Linda Haug Kollbotn (Frp) viste til informasjonen som vart gitt i kommunestyret 23.02.2023 om utleige av rom på Samnangerheimen til ein annan kommune, og orienterte om at ho synest at desse romma ikkje burde vore leigde ut. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste i samband med dette til spørsmål om kven som har mynde til å avgjera om rom på Samnangerheimen skal leigast ut til andre kommunar. Rådmannen svarta at han må få koma tilbake til dette spørsmålet i eit seinare møte.

Forvaltningsrevisjon av BIR

Arild Røen (H) viste til forvaltningsrevisjonen som selskapet BDO på vegner av Bergen kommune har gjort av BIR. Han orienterte om arbeidet med oppfølging av forvaltningsrapporten, og om at han har bedt om å få ei orientering i kontrollutvalet.

Bruk av gjenbruksstasjonen i Raunekleiva

Linda Haug Kollbotn viste til det gode tilbudet om levering av avfall ved gjenbruksstasjonen i Raunekleiva, og at det bør vera heilt unødvendig at avfall blir kasta andre stader rundt om i kommunen. Ho spurde om det eventuelt er noko kommunen kan gjera for å informera endå betre om tilbudet og dei låge prisane ved gjenbruksstasjonen i Raunekleiva.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 020/2023 Vedtak:

Resten av kommunestyremøta i 2023 skal haldast som dagmøte med møtestart klokka 08.30.

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 021/2023: Vurdering av gratis skulemat ved Samnanger ungdomsskule

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gratis skulemat, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Det skal fra høsten 2023 innføres gratis skulelunch til elevene ved Samnanger Ungdomsskule minimum 2 ganger i uken. I tillegg skal frukt være tilgjengelig i klasserommet hver morgen.

Sak 021/23 Gratis skulemat, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Elevane på Samnanger ungdomsskule får tilbod om gratis skulelunsj to gonger i veka frå skulestart 2023. Dette vert finansiert ved å flytta ubrukte budsjettmidlar, t.d. frå summen som er frigjort etter nedlegginga av barnevernsutvalet. Rådmannen får fullmakt til å gjera naudsynte budsjettendringar.

Ordninga med skulelunsj gjeld gjeld i første omgang ut 2023. Kommunestyret vurderer i samband med budsjettarbeidet for 2024 om det er rom for å føra ordninga vidare.

Gratis skulemat, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Elevane på Samnanger ungdomsskule får tilbod om gratis skulelunsj to gonger i veka frå skulestart 2023. Dette vert finansiert ved å flytta ubrukte budsjettmidlar, t.d. frå summen som er frigjort etter nedlegginga av barnevernsutvalet. Rådmannen får fullmakt til å gjera naudsynte budsjettendringar.

Ordninga med skulelunsj gjeld i første omgang ut 2023. Kommunestyret vurderer i samband med budsjettarbeidet for 2024 om det er rom for å føra ordninga vidare.

Rådmannen kjem òg tilbake til kommunestyret med ei vurdering av kva som skal til, praktisk og økonomisk, for å gje elevane gratis frukt om morgonen dei dagane det ikkje er lunsj.

Handsaming:

Innleiingsvis orienterte kommunalsjef Bodil H. Øpstebø om ei spørjeundersøking om skulemat som no er gjennomført blant elevane på ungdomsskulen.

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Etter at kommunestyret hadde drøfta framlegga til vedtak, trekte Øyvind Røen det første framlegget sitt og sette fram eit nytt framlegg.

Odd Arne Haga trekte framlegget sitt.

Framlegget til Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

KS- 021/2023 Vedtak:

Elevane på Samnanger ungdomsskule får tilbod om gratis skulelunsj to gonger i veka frå skulestart 2023. Dette vert finansiert ved å flytta ubrukte budsjettmidlar, t.d. frå summen som er frigjort etter nedlegginga av barnevernsutvalet. Rådmannen får fullmakt til å gjera naudsynte budsjettendringar.

Ordninga med skulelunsj gjeld i første omgang ut 2023. Kommunestyret vurderer i samband med budsjettarbeidet for 2024 om det er rom for å føra ordninga vidare.

Rådmannen kjem òg tilbake til kommunestyret med ei vurdering av kva som skal til, praktisk og økonomisk, for å gje elevane gratis frukt om morgonen dei dagane det ikkje er lunsj.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Skulemat, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Forslag til Gratis skulemat.

Det skal fra høsten 2023 innføres gratis skulelunch til elevane ved Samnanger Ungdomsskole minimum 2 gonger i uken. I tillegg skal det fra høsten 2023 innføres gratis frokost hver dag på Ungdomsskolen.

Skulelunchen og frokost skal finansieres som følger;

KIWI og SPAR leverer matsvinn til redusert pris, dvs mat som er i ferd med å gå ut på dato. Bjørkheim kro og Milano skal også forespørres.

Resten tas av disposisjonsfondet

FRP 9/02-23

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Undervegs i handsaminga justerte Odd Arne Haga framlegget sitt, til berre å gjelda gratis skulelunsj 2 gongar i veka.

I røystinga vart det justerte framlegget til Odd Arne Haga sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til rådmannen fekk 5 røyster og vart vedteke. Framlegget til Odd Arne Haga fekk 4 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	For Odd Arne Haga sitt framlegg
Knut Harald Frøland (BI)	Odd Arne Haga (Frp)
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (BI)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Solveig Vassenden (BI)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Gunn Totland Moss (KrF)
Øyvind Strømmen (MDG)	

FORM- 012/2023 Vedtak:

Kommunestyret tek vurderinga til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek vurderinga til orientering.

SAKNR. 022/2023: Endring VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:
Formannskapet si innstilling vart samrøstes vedteken.

KS- 022/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell.
Endringane vil gjelde frå 01.04.2023.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	3853	1207	45,62 %
Avløp per m3	22,77	36,86	14,09	61,88 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	4655	1899	68,90 %
Vatn per m3	25,81	44,11	18,3	70,90 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 005/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell.
Endringane vil gjelde frå 01.04.2023.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	3853	1207	45,62 %
Avløp per m3	22,77	36,86	14,09	61,88 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	4655	1899	68,90 %
Vatn per m3	25,81	44,11	18,3	70,90 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å endre VA-gebyr for sjølvkostområde Eikedalen som vist i tabell.
Endringane vil gjelde frå 01.04.2023.

	2022	2023	Endring i kr	Endring i %
Avløp fastdel (per år)	2646	3853	1207	45,62 %
Avløp per m ³	22,77	36,86	14,09	61,88 %
Avløp tilknytning	14884	15628	744	5 %
Vatn fastdel (per år)	2756	4655	1899	68,90 %
Vatn per m ³	25,81	44,11	18,3	70,90 %
Vatn tilknytning	14884	15628	744	5 %

SAKNR. 023/2023: Evaluering av transportordninga "Svinta"-skys

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 023/2023 Vedtak:

Rådmannen si evaluering av prøveperioden med transportordninga «Svinta»-skys i 2022 blir teken til orientering.

Kommunestyret ønskjer at arbeidet for å betra transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen held fram. Det må i samband med dette òg sjåast på løysingar for transport av brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen og eventuelle andre grupper med stort behov for betre transporttilbod. Erfaringane og evalueringa av prøveperioden med «Svinta»-skys i 2022 må vektleggjast i arbeidet.

Det skal i møterunden i april 2023 leggjast fram sak for formannskapet og kommunestyret, med forslag til transportordning for ungdom og eldre. I tillegg bør det i saka òg vurderast følgjande:

1. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen, og korleis dette i så fall kan gjerast.
2. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for andre grupper av innbyggjarar med stort behov for betre transporttilbod, og korleis dette i så fall kan gjerast.

I desse vurderingane bør det blant anna sjåast på om ein kan sjå for seg ei bestillingsordning med faste tider, eit tilbod berre enkelte dagar eller eit tilbod til ein bestemt ankomsstad, med inspirasjon frå tilsvarande pilotar andre stader i landet.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Tillegg, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei GrøneBygdalista):

I desse vurderingane bør det blant anna sjåast på om ein kan sjå for seg ei bestillingsordning med faste tider, eit tilbod berre enkelte dagar eller eit tilbod til ein bestemt ankomsstad, med inspirasjon frå tilsvarande pilotar andre stader i landet.

Handsaming:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram eit tilleggsframlegg. Han orienterte om at han ønskte at dette tillegget skulle setjast inn etter det siste punktet i rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg, inkludert tilleggsframlegget til Øyvind Strømmen, vart samrøystes vedteke.

FORM- 006/2023 Vedtak:

Rådmannen si evaluering av prøveperioden med transportordninga «Svinta»-skyss i 2022 blir teken til orientering.

Kommunestyret ønskjer at arbeidet for å betra transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen held fram. Det må i samband med dette òg sjåast på løysingar for transport av brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen og eventuelle andre grupper med stort behov for betre transporttilbod. Erfaringane og evalueringa av prøveperioden med «Svinta»-skyss i 2022 må vektleggjast i arbeidet.

Det skal i møterunden i april 2023 leggjast fram sak for formannskapet og kommunestyret, med forslag til transportordning for ungdom og eldre. I tillegg bør det i saka òg vurderast følgjande:

1. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen, og korleis dette i så fall kan gjerast.
2. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for andre grupper av innbyggjarar med stort behov for betre transporttilbod, og korleis dette i så fall kan gjerast.

I desse vurderingane bør det blant anna sjåast på om ein kan sjå for seg ei bestillingsordning med faste tider, eit tilbod berre enkelte dagar eller eit tilbod til ein bestemt ankomsstad, med inspirasjon frå tilsvarande pilotar andre stader i landet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen si evaluering av prøveperioden med transportordninga «Svinta»-skyss i 2022 blir teken til orientering.

Kommunestyret ønskjer at arbeidet for å betra transporttilbodet for ungdom og eldre i kommunen held fram. Det må i samband med dette òg sjåast på løysingar for transport av brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen og eventuelle andre grupper med stort behov for betre transporttilbod. Erfaringane og evalueringa av prøveperioden med «Svinta»-skyss i 2022 må vektleggjast i arbeidet.

Det skal i møterunden i april 2023 leggjast fram sak for formannskapet og kommunestyret, med forslag til transportordning for ungdom og eldre. I tillegg bør det i saka òg vurderast følgjande:

1. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for brukarar av dagsenteret på Samnangerheimen, og korleis dette i så fall kan gjerast.
2. Om ordninga kan kombinerast med transportordning for andre grupper av innbyggjarar med stort behov for betre transporttilbod, og korleis dette i så fall kan gjerast.

SAKNR. 024/2023: Auka økonomisk støtte til lag og organisasjonar

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 024/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å sjå på moglege løysingar for å auka den økonomiske støtta til lag og organisasjonar. Dette kan gjerast anten i rekneskapsaka for 2022, som skal til behandling i juni 2023, eller i budsjettprosessen for 2024.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 003/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek å sjå på moglege løysingar for å auka den økonomiske støtta til lag og organisasjonar. Dette kan gjerast anten i rekneskapsaka for 2022 som skal til behandling i juni 2023 eller i budsjettprosessen for 2024.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek å sjå på moglege løysingar for å auka den økonomiske støtta til lag og organisasjonar. Dette kan gjerast anten i rekneskapsaka for 2022 som skal til behandling i juni 2023 eller i budsjettprosessen for 2024.

SAKNR. 025/2023: Frisklivsentralen og trening for eldre

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 025/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek at kommunen skal prioritera trening i kommunal regi som er spesielt retta mot eldre. For å sikra dette vil rådmannen innarbeida frisklivsentralen som ein permanent del av kommunen si drift, der nye treningstilbod retta mot eldre vert oppretta.

Kommunestyret ber om at det i juni-møtet i 2023 vert gitt ei orientering om status og korleis rådmannen ser for seg at det ein ønskjer å oppnå, faktisk skal skje.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Trening for eldre over 70, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Forslag til styrketrening av eldre personer over 70 år.

For at eldre over 70 år skal klare seg selv hjemme, unngå benbrudd, redusere demens, ensomhet og redusere behovet for helsetjenester skal alle som fyller 70 år få et tilbud om personlig styrketrening min. en til to ganger i uken i løpet av 2023

Treningen finansieres som følger;

Egenbetaling etter evne.

Resten tas av disposisjonsfondet

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Formannskapet vart under handsaminga samde om følgjande fellesframlegg som tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:

"Kommunestyret ber om at det i juni-møtet i 2023 vert gitt ei orientering om status og korleis rådmannen ser for seg at det ein ønskjer å oppnå, faktisk skal skje."

Odd Arne Haga trekte framlegget sitt.

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg, inkludert fellesframlegget til tilleggspunkt , samrøystes vedteke.

FORM- 007/2023 Vedtak:

Samnanger kommune vedtek at kommunen skal prioritera trening i kommunal regi som er spesielt retta mot eldre. For å sikra dette, vil rådmannen innarbeida frisklivsentralen som ein permanent del av kommunen si drift; der nye treningstilbod retta mot eldre vert oppretta.

Kommunestyret ber om at det i juni-møtet i 2023 vert gitt ei orientering om status og korleis rådmannen ser for seg at det ein ønskjer å oppnå, faktisk skal skje."

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vedtek at kommunen skal prioritera trening i kommunal regi som er spesielt retta mot eldre. For å sikra dette, vil rådmannen innarbeida frisklivsentralen som ein permanent del av kommunen si drift; der nye treningstilbod retta mot eldre vert oppretta.

SAKNR. 026/2023: Straumstøtte til bedrifter og næringsliv i Samnanger 2023

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 026/2023 Vedtak:

Samnanger kommunestyre set av midlar til straumstøtte til næringslivet i kommunen. Øvre ramme for tiltaket er 0,8 mill. kr.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 011/2023 Vedtak:

Samnanger kommunestyre set av midlar til straumstøtte til næringslivet i kommunen. Øvre ramme for tiltaket er 0,8 mill. kr.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommunestyre set av midlar til straumstøtte til næringslivet i kommunen. Øvre ramme for tiltaket er 0,8 mill. kr.

SAKNR. 027/2023: Sal av tomt – gnr./bnr. 18/230, Erikajorda

Ugild:	I staden møtte:	Merknad:
Karl Bård Kollbotn, Frp	,	
Linda Haug Kollbotn, Frp	,	
Odd Arne Haga, Frp	,	
Ove Totland, Bl	,	

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gildskap:

Karl Bård Kollbotn (Frp), Odd Arne Haga (Frp) og Linda Haug Kollbotn (Frp) bad om å få gildskaper sin vurdert. Bakgrunnen for dette var at Karl Bård Kollbotn og Odd Arne Haga er interessentar som ønskjer å kjøpa eigedomen, og at Linda Haug Kollbotn er gift med Karl Bård Kollbotn.

Ove Totland (Bl) bad òg om å få gildskaper sin vurdert. Bakgrunnen for dette var at han har ein bror som er eigar av ein naboeigedom til Erikajorda.

Alle fire som bad om å få gildskaper sin vurdert, gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskaper deira.

Karl Bård Kollbotn, Odd Arne Haga og Linda Haug Kollbotn vart samrøystes funne ugilde, med heimel i forvaltningslova § 6, jf. kommunelova § 11-10.

Ove Totland vart funnen ugild med 15 mot 2 røyster, med same heimel som i avsnittet ovanfor. Arild Røen (H) og Jon Magne Bøgevik (Ap) røysta for at Ove Totland var gild.

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 027/2023 Vedtak:

1. Eigedomen gnr./bnr. 18/230 vert lagt ut for sal på den opne marknaden.
2. Utkast til salsavtale og opsjonsavtale skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning *før* eigedomen vert lagt ut for sal.
3. Rådmannen har deretter fullmakt til å inngå avtale om sal eller opsjonsavtale om sal.
4. Vidare har rådmannen fullmakt til å gjennomføre sal av eigedomen. Det inneber at utkast til salsavtale og/eller opsjonsavtale som kommunestyret har godkjent (jf. pkt. 2 over) kan gjennom forhandlingar med aktuelle interessentar bli endra. Vesentlege endringar skal godkjennast av kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigedomen gnr./bnr. 18/230 vert lagt ut for sal på den opne marknaden.
2. Utkast til salsavtale og opsjonsavtale skal leggest fram for kommunestyret til godkjenning *før*

eigendomen vert lagt ut for sal.

3. Rådmannen har deretter fullmakt til å inngå avtale om sal eller opsjonsavtale om sal.

4. Vidare har rådmannen fullmakt til å gjennomføre sal av eigedomen. Det inneber at utkast til salsavtale og/eller opsjonsavtale som kommunestyret har godkjent (jf. pkt. 2 over) kan gjennom forhandlingar med aktuelle interessentar bli endra. Vesentlege endringar skal godkjennast av kommunestyret.

SAKNR. 1: Interpellasjon om senter for e-sport

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Gamingsenter, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Samnanger Frp foreslår at Rådmann utarbeider en sak om plassering av "gamingsenter" på kommunehuset i det gamle biblioteket.

Handsaming:

Ordfører Knut Harald Frøland (Bl) orienterte innleiingsvis om at svar frå rådmannen på interpellasjonen var sendt ut på e-post til kommunestyret før møtet.

Karl Bård Kollbotn (Frp) orienterte om interpellasjonen.

Etter ein pause i møtet sette Karl Bård Kollbotn fram framlegg til vedtak.

I den påfølgjande debatten vart det spurt om kommunestyret kunne be om å få dette opp som ordinær sak på neste kommunestyremøte. Etter forslag frå ordfører Knut Harald Frøland slutta kommunestyret seg til ei slik løysing, etter at Karl Bård Kollbotn hadde trekt framlegget sitt.

KS- 1 Vedtak:

Saka blir sett på saklista for neste kommunestyremøte.

SAKNR. 028/2023: Fleirbrukshall – vurdering av løysingar

09.03.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Idrettshall og aktivitetshus, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Framlegg til vedtak arkivsak: 21/708

Samnanger Frp slutter seg til å bygge en nøktern idrettshall på grusbananen i Hagabotnane. Området er ferdig regulert for idrett. Viser til tidligere mulighetsstudie innsendt av Odd Arna Haga og tilbud på idrettshall sendt til administrasjon/Rådmann fra Samnanger FrP. Det skal hentes inn en totalentreprise på bygging av idrettshall (internasjonale mål for håndballbane), på grusbanen og i tilknytning til eksisterende garderobeanlegg i Hagabotnane.

I tillegg vurderer å bygge et tilbygg på eksisterende ungdomshus i Norbygda (aktivitetshus) er en ny og spennende tanke, som kan realiseres forholdsvis raskt. Dette ønsker vi at Rådmann skal utrede og komme tilbake med en uttale/utredning til den: 20.04.2023.

Brannstasjon skal helt ut av vedtaket, som omhandler flerbrukshall og skal bli behandlet i egen sak.

Framlegg sak 28/23, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Samnanger kommune er inne i ein økonomisk situasjon der det er lagt opp til innsparingar på kr. 6.000.000 i einingane. Det synas vanskeleg å då forsvara at det er korrekt å prioritera ein fleirbrukshall på noverande tidspunkt.

Vi stoppar med dette vidare utgreiingar, dette kostar kommunen pengar i form av tid og ressursbruk.

Sak 028/23 Fleirbrukshall, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Kommunen arbeider vidare med å vurderer Haukanesmarka på nordsida av fv. 136 og eit område ved Grendahuset som mogelege tomter for fleirbrukshall.

Det skal vurderast kombinasjonsløyisingar der ein også kan nytta Grendahuset til aktivitetar. Det skal sjåast på om det er mogeleg å byggja ein nøktern idrettshall i Hagabotnane i kombinasjon med eit aktivitetshus i området frå Bjørkheim til Grendahuset.

Det skal vurderast eventuell gevinst med å inkludera ny brannstasjon som del av løysinga for fleirbrukshall i samband med tomtealternativet ved Grendahuset. Dette kjem i tillegg til utgreiingsarbeidet som alt er sett i gang når det gjeld plassering av ny brannstasjon.

Resten som ordføraren sitt framlegg.

Handsaming:

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Monica Tjønnå (Uavh) fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Monica Tjønnå. Framlegget fall med 19 mot 2 røyster.

For framlegget til Monica Tjønnå	Imot framlegget til Monica Tjønnå
Monica Tjønnå (Uavh)	Knut Harald Frøland (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Lena Tveit (Bl)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)

	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

Det vart så røysta over framlegget til Karl Bård Kollbotn. Framlegget fall med 18 mot 3 røyster.

For framlegget til Karl Bård Kollbotn	Imot framlegget til Karl Bård Kollbotn
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Jon Magne Bogevik (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)
	Monica Tjønnå (Uavh)

Det vart så røysta over framlegget til Øyvind Røen. Framlegget fall med 19 mot 2 røyster.

For framlegget til Øyvind Røen	Imot framlegget til Øyvind Røen
Øyvind Røen (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Arild Røen (H)	Lena Tveit (Bl)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Jon Magne Bogevik (Ap)
	Gunn Totland Moss (KrF)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)
	Monica Tjønnå (Uavh)

Det vart til slutt røysta over framlegget til ordførar Knut Harald Frøland. Framlegget vart vedteke med 15 mot 6 røyster.

For Knut Harald Frøland sitt framlegg	Imot Knut Harald Frøland sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Ove Totland (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Steinsland (Bl)	Monica Tjønnå (Uavh)
Solveig Vassenden (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Harald Boge (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Gunn Totland Moss (KrF)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

KS- 028/2023 Vedtak:

Det skal i tillegg til vurdering av fleirbrukshall på Lauskar, også sjåast på tomtealternativa Grunnvågen på Bjørkheim, «Reistadpøyla» ved Grendahuset og Haukanesmarka på nordsida av fv. 136.

Det skal vurderast kombinasjonsløyningar der ein også kan nytte Grendahuset til aktivitetar. Det skal sjåast på moglegheit med å bygge nøktern idrettshall i Hagabotnane i kombinasjon med fleirbrukshall/aktivitetshall i Bjørkheimsområdet.

Det skal vurderast eventuell gevinst med å inkludere ny brannstasjon som del av løysing for fleirbrukshall ved tomtealternativa Lauskar og «Reistadpøyla». Dette kjem i tillegg til vurdering av brannstasjon andre stader som pågår i eige prosjekt.

Alternativa skal vurderast etter måloppnåing/samfunnseffekt, risiko med realisering, forventa investeringskostnader (dvs. der tilskot og mva. er trekt frå), framdriftsplan og driftskostnader.

Vurdering av dei ulike alternativa, inkl. anbefalt løysing, skal presenterast i kommunestyremøtet 20.04.2023.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

Det skal i tillegg til vurdering av fleirbrukshall på Lauskar, også sjåast på tomtealternativa Grunnvågen på Bjørkheim, «Reistadpøyla» ved Grendahuset og Haukanesmarka på nordsida av Fv. 136.

Det skal vurderast kombinasjonsløyningar der ein også kan nytte Grendahuset til aktivitetar. Det skal sjåast på moglegheit med å bygge nøktern idrettshall i Hagabotnane i kombinasjon med fleirbrukshall/aktivitetshall i Bjørkheimsområdet.

Det skal vurderast eventuell gevinst med å inkludere ny brannstasjon som del av løysing for fleirbrukshall ved tomtealternativa Lauskar og «Reistadpøyla». Dette kjem i tillegg til vurdering av brannstasjon andre stader som pågår i eige prosjekt.

Alternativa skal vurderast etter måloppnåing/samfunnseffekt, risiko med realisering, forventa investeringskostnader (dvs. der tilskot og mva er trekt frå), framdriftsplan og driftskostnader.

Vurdering av dei ulike alternativa inkl. anbefalt løysing skal presenterast i kommunestyremøtet 20.04.2023.